

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.06.2016

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV fram slikt oversendingforslag til forhandlingsutvalet:

«Fylkestinget ber at det utarbeidast klare punkt på regional overtaking av oppgåver og statleg finansiering av desse oppgåvene etter regional overtaking.

Fylkestinget meiner oppgåver som egnar seg for regionalt nivå er:

- Eigne næringspolitiske virkemidlar
- Drift av sjukehus og rehabilitering
- Delar av barnevernet som i dag er statleg og kommunalt
- Klimaplanar som forpliktar kommunane
- Tannhelse
- Naturforvaltning og naturoppsyn
- Arealavgift, både på land- og havnivå
- Kultur
- Kollektivtrafikk
- Overordna bindande arealplanlegging for større infrastrukturprosjket, busetjing, næringsareal slik at det er mogleg å løysa desse oppgåvene på ein måte som sikrar klimamåla og ivaretak jordvernet
- Store delar av forskingsrådets portefølje og administrasjon
- Delar av statleg kulturstøtte som i dag forvaltas t.d. Norsk kulturråd F
- Fleire statlege næringspolitiske verkemiddel for eksempel innan Innovasjon Norge
- Samferdsle, både kollektivtrafikk og regional vegbygging
- Vidaregåande opplæring
- Fagskulane
- Folkehelse
- Busetnad av flyktningar

Det bør og utgreiast om regionnivået skal ha eigne inntektsmøglegheiter utover det dagens fylkeskommunar har.

Alle oppgåvene som vert overført må fullfinansierast.

Tidsfristar for å vedta samanslåing må forlengast til det er gjort vedtak om kva oppgåver nye regionar skal ha.»

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### Vedtak

Fylkestinget tek statussaka om arbeidet med ein framtidig Vestlandsregion – status forhandlingar og framdrift – til orientering, og godkjenner utkast til intensjonsplan som rammeverk for foreståande forhandlingar.